



Leikerommet

Mor, far eller ein vaksen du kjenner godt skal vere med deg heile den tida du er på Barnerøntgen.

Når du kjem til Barnerøntgen må du først vente litt på eit rom der du finn leiker og bøker som du kan låne.

Ein av oss som jobbar her vil helse på deg når du kjem.

Kva er røntgenbilete?

Eit røntgenbilete syner korleis vi ser ut inne i kroppen. Bileta ser heilt annleis ut enn eit vanleg foto, difor er det mest dei som jobbar på sjukehuset som skjønner kva dei ser på bileta. For andre ser bileta grå ut.

Korleis tar ein røntgenbilete?

Når det blir din tur følgjer vi deg inn til rommet der røntgenapparatet står. Røntgenapparat er mykje større enn vanlege fotoapparat og står gjerne på golvet.



Her er røntgenapparatet vi tar bilete av deg med.

Du må kle av deg på kroppsdelen du skal ta bilete av. Du vil og få eit lite forkle av tjukk gummi som du må ha over magen når bileta blir tatt.

Vi syner deg korleis du ska stå. Det er vanleg å ta fleire bilete og kanskje du får spørsmål om å snu deg litt. Det er viktig at du står heilt stille akkurat når vi tar bileta, slik at dei blir klare og fine. Vi vil fortelje deg når du må stå stille og når du kan røre deg att.

Vi seier frå til deg når du kan kle på deg og dra heim.

Informasjon til vaksne

